

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

**Avdeling for  
Kultur, idrett og inkludering (KII)**

<b>Dato</b>	14/12/2022
<b>Vår referanse</b>	2022/71126-5
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Sigrun Wølstad
<b>E-post</b>	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
<b>Telefon</b>	96944535

**Kulturminnefagleg fråsegn - Dispensasjon frå kommuneplan - gnr. 357 bnr. 1**

**mfl - Sætre - Alver kommune**

Vi viser til brev datert 26.07.2022 med søknad om dispensasjon frå LNF – føremål, og til vårt brev av 11.08.2022 med varsel om synfaring og krav om tilleggsinformasjon. Etterspurde tilleggsinformasjon er mottatt 19.10.2022. Arkeologar frå Vestland fylkeskommune var på synfaring i det gjeldande arealet 09.11.2022. Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturmiljømynde.

Vestland fylkeskommune rår i frå at det blir gitt dispensasjon i saka, då den omsøkte vegen vil medføra at nasjonale kulturminneinteresser blir vesentleg sett til side, vi viser til plan- og bygningsloven § 19-2 andre ledd.

Det er potensial for funn av automatisk freda kulturminne i viste vegtrasé. Undersøkingsplikta jf. kulturminnelova § 9 er ikkje gjennomført. Området har potensial for funn, men den samla verdien av eksisterande kulturminne i området gjer at vi rår ifrå at vegen blir etablert gjennom dispensasjon frå kommuneplanen.

Vi viser til kulturminnelova § 3:

**Forbud mot inngrep i automatisk fredete kulturminner.**

Ingen må – uten at det er lovlig etter § 8 – sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje.

Sætre i Alver er eit område med nasjonale kulturminneverdiar. På gardane Sætre og Bratshaug er det kjend ei rekke automatisk freda gravrøyser, alle har lav tolegrense for nye tiltak. Fleire av gravminna er framleis godt synlege og kartfesta i kulturminnedatabasen Askeladden, i følgje våre arkiv er det i tillegg registrert fleire gravminne på staden som ikkje lengre er synlege på overflata. Samla sett er gravrøysene del av eit større kulturmiljø med høg verne- og opplevingsverdi, som det er viktig å bevare.

Vegen er omsøkt mellom to gravfelt, Askeladden id. 55208 og 55207. Etableringa av ein så omfattande veg til hyttene i området vil virke utilbørleg skjemmande, og vere eit framandelement i det som i dag framstår som eit godt bevart kulturmiljø. Vegen vil også føre til vesentlege terrengeinngrep, og både vegen og terrengeinngrepa vil føre til ein fragmentering av kulturmiljøet ved at det blir eit fysisk skilje mellom gravrøysene. Dette vil ytterlegare bidra til negative visuelle verknader på kulturminnemiljøet. Erfaringa vår er at ei etablering av denne type tiltak også fører til auka bruk av området, blant anna ved ytterlegare utbygging, dette kan skade kulturmiljøet og føre til auka slitasje og på kulturmiljøet.

Vi ber om tilkomst til hyttefeltet blir løyst på en måte som ikkje er i konflikt med kulturmiljøet i området. Denne saka er mest tenleg å løyse gjennom formelle planprosessar, ikkje gjennom dispensasjon.

**Konklusjon**

Vi har vesentlege merknadar til viste veg, og rår ifrå at det vert gitt løyve til dispensasjon frå LNF – føremål på gnr. 357, bnr. 1 mfl., Alver kommune. Tiltaket krev dispensasjon frå kulturminnelova § 8, første ledd. Vestland fylkeskommune er rette mynde til å gje slik dispensasjon. Dispensasjonen ligg ikke føre. Vi ber om å få vedtak til klagevurdering.

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**

leiar

KII - Arealplan (Førde)

**Sigrun Wølstad**

seniorrådgjevar

KII - Arealplan (Førde)

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Kopi til:

HARRIS ADVOKATFIRMA AS

Postboks 4115 Sandviken